



MÅNADENS PORTRETT - DESEMBER 2010

Namn og alder : Ivar-Andrè Naustvik, 35 år
Bur : I Mehusbygda
Høve : Driftsleiar i ein Gaselle-bedrift

Bakgrunnen for intervjuet:

Rogaland Fjordbruk vart kåra til ein av årets Gaselle-bedrifter.

Det er avisa Dagens Næringsliv som velgjer ut Gaseller kvart år, basert på visse økonomiske kriteria. På halvøya har me i løpet av dei siste åra hatt fleire Gaselle-bedrifter, mellom anna Norsk Plan og Holmen Maskin.

Ivar-Andrè har jobba i lakseoppdrettsselskapet Rogaland Fjordbruk - som er eit dotterselskap av Alsaker Fjordbruk - i 13 år.

Du er driftsleiar - kva utdanning har du?

Eg er utdanna rekneskapsførar og agronom og har i tillegg fagbrev i Akvakultur. Som driftsleiar har eg ansvar for 4 lakselokalitetar på halvøya. Desse er Bjelkavik, Borgarli, Finnvik og Vintravik med ein produksjonskapasitet på totalt 6.760 tonn.

Har du alltid budd på Ropeidhalvøya?

Ja, eg har alltid budd her, forutan når eg tok utdanning og når eg var i militæret.

Korleis vil du beskrive halvøybuen?

Eg syns halvøybuen er optimistiske og har tru på framtida. Her finst mange døme på personar som tør å satse på å skape sin eigen arbeidsplass og det er mange lokale bedrifter som bidreg med mykje positivt i nærmiljøet.

Viss du skulle budd ein annan stad, kor?

Det har ikkje vore særleg aktuelt til no, så det veit eg faktisk ikkje.

Kva gjer du på i fritida?

Eg prøver jo å få tid til å vere litt bonde òg. På garden har eg villsau og så driv eg litt skogsdrift med tømmer og ved. Eg spelar i Marvik Musikkorps og så likar eg å gå på jakt. No for tida hjelper eg bror min med det nye huset han held på å bygge i Kjølvik. Og så hender det at eg køyrer litt taxi.....

Saknar du noko på halvøya?

Nei, i grunnen ikkje. Ein innrettar seg jo etter det ein har til ei kvar tid, og det er jo ikkje alltid slik at ein saknar det ein ikkje har.

Vil du oppmoda andre folk å flytte hit?

Ja!

For Rogaland Fjordbruk er det i alle fall ein fordel viss dei tilsette bur på halvøya. Elles syns eg det er veldig positivt at fleire unge har flytta tilbake til halvøya i løpet av dei siste åra. Nokre av dei har jo budd fleire år i "byen", men vel altså å flytte heim igjen. Det må jo tyde på at det er godt å bu her?!

Til slutt vil eg seie at det er viktig å synleggjere at havbruksnæringa er ein spanande og framtidsretta arbeidsplass, og den betyr mykje for busettinga i distrikta.